

# 15 år med kristen-muslimsk dialog i Norge

ODDBJØRN LEIRVIK

I denne artikkelen vil eg prøve å oppsummere nokre karakteristiske trekk ved kontakten mellom kristne og muslimar i Norge dei siste femten åra. I Kvifor 15 år? Det er ofte vanskeleg å slå fast når noko byrja. Muslimske innvandrarar til Norge har vi hatt frå 1970-talet. Like lenge har det rimelegvis vore uformelle samtalar mellom muslimar og kristne i Norge. På 1970-talet vart også grunnlaget lagt for misjonsorganisasjonane sitt fellestiltak Kristent Innvandrerarbeid (i dag: Kristent Interkulturelt Arbeid). I slike samanhengar har det heilt frå tidleg på 1980-talet utspunne seg kristen-muslimske samtalar på det meir personlege planet, innanfor ei diakonal (og somme tider evangeliserande) ramme.

## **Før dialogen: kontakt**

På slutten av 1980-talet vart så dei første initiativa tatt til ein meir organisert kontakt mellom kristne og muslimske trussamfunn i Oslo. Medan "kristent innvandrararbeid" av ulike slag vender seg til muslimar som einskildmenneske, har "kristen-muslimsk dialog" som avgjerande utgangspunkt at ein møtest som likestilte medlemmer av kvar sine trusfelleskap.

For femten år sidan, i september 1988, inviterte Den norske kyrkja i september representantar for muslimske trussamfunn til ein konferanse i Oslo om "Norge som flerkulturelt samfunn". Ein av verkstadene på denne konferansen bar tittelen "Norske kristne

møter norske muslimer", og kom til å handle om noko så sentralt som bønn.<sup>2</sup>

Møtet i september 1988 hadde mange av dei kvalitetane som ein gjerne held for å vere konstituerande for ein ekte dialog. Det var møte ansikt til ansikt mellom likeverdige partar, i ein trygg atmosfære av personleg deling og gjensidig lytting. No vil ein gjerne i definisjonar av religionsdialog også finne eit anna element, nemleg opninga for at partane – over tid – kan bli gjensidig forandra gjennom samtalen.<sup>3</sup> Mange legg vekt på samhandlingselementet og meiner at ein religionsdialog – for å fortene namnet – bør ha eit element av "diapraxis" i seg.<sup>4</sup>

Ikkje all *kontakt* mellom kristne og muslimar fortener nødvendigvis karakteristikkene *dialog*. Mange stader vil kontakten mellom kristne og muslimar, med tilhøyrande tillitsskapande tiltak, trenge fleire år før ein kjem så langt at ein for alvor kjem i samhandling, på ein måte som eventuelt også kan forandre noko hos begge partar.

Slik sett fekk det første permanente forumet for kristen-muslimske samtalar i Norge, "Kontaktgruppa for Mellomkyrkjeleg Råd og Islamsk Råd", eit passande namn då det vart skipa i 1992-93. Før eg går nærare inn på utviklinga av dei ulike kontaktskapande tiltaka mellom kristne og muslimske trussamfunn på 1990-talet, vil eg gi tre situasjonsbilete frå året 1990. Situasjonsbileta set spørsmålet om kontakt og dialog mellom kristne og muslimar i Norge inn i ei vidare, allmennkulturell ramme.

### **Tre situasjonsbilete frå 1990:**

#### **nakne møte, kristenkulturelle forsvarsreaksjonar, ei open hand frå biskopen**

Det *første* situasjonsbiletet er henta frå Grünerløkka, frå den tida eg var prest i Paulus kirke og gjorde mine første forsøk på dialog mellom kyrkje og moské i Oslo. Sommaren 1990 var det ein heit debatt i media om muslimske menn sin manglande respekt for lettkledd norske kvinner, og ein påfølgjande diskusjon om topplaus soling. Paulus kirke har kyrkjedøra vendt ut mot ein av austkanten sine mange parkar, Birkelunden, som på den tida var full av topplaus damer på varme sommandagar. Ein dag eg står utanfor kyrkja kjem ein av mine kjenningar frå den pakistanske indremisjonsmoskeen

til Tabligh-rørsla bort til meg og vil vite kva eg og kyrkja meiner om desse halvnakne damene som legg seg ned rett utanfor kyrkjedøra. Eg prøvde meg med eit resonnement om lag som dette: "Vi treng vel ikkje skamme oss over den kroppen Gud har gitt oss – men kan godt nøye oss med å kle av oss på badestranda og ikkje stille ut alt midt i byen." Min muslimske nabo var nok heilt klart misnøgd med slik tåketale og var for sin eigen del klinkande klar i si sak: "Kle av deg gjer du berre for den du er gift med." Punktum.

No høyrer det med til historia at vesle kristen-muslimske samtalen om halvnakne damer var som eit ekko av ein meir indrekyrkjeleg dialog frå søndagen før. Då hadde Paulus kirke besøk av ei konfirmantgruppe og skuleklasse frå Lesja. Også ein av lærarane frå bygdeskulen merkar seg dei topplause damene i Birkelunden. Han lurar på kva bypresten meiner, og seier: "Det skulle blitt ramaskrik om nokon hadde lagt seg til slik utanfor kyrkjedøra på Lesja!"

Kva er kultur og kva er religion i slike spontane møte? Historia illustrerer kor store forskjellane kan vere ikkje berre mellom den norske og den pakistanske kulturen, men også innanfor den norske. Når det gjeld normene for sømmeleg klededrakt, kan kulturforskjellane vere store også mellom dei muslimske kulturane. Dessutan er både kulturar og moralsyn i stadig endring – i Oslo, på Lesja så vel som i Pakistan. Det høyrer med til historia at vel eit tiår etter spontandialogane i 1990 er det knapt ei topplaus dame å sjå i Birkelunden. Kva rolle spelar eigentleg religionen i kulturelle endringsprosessar som stundom har eit liberalt forteikn, stundom eit meir restriktivt?

I samtalen mellom kristne og muslimar er det nødvendig å ha eit kritisk medvit om religiøse og kulturelle endringsprosessar, og forholdet mellom religion og nasjonalitet. Det *andre* situasjonsbiletet frå 1990 handlar om korleis den kristen-kulturelle nasjonalkjensla i Norge har blitt aktivisert gjennom møtet med islam. På Sjømannsmisjonen sitt årsmøte i 1990 var Rolv Wesenlund invitert som folkekyrkjeleg gjestetalar. I talen sin kom han i følgje avisreferata med sterke synspunkt på kristendommen sin plass i skulen. "No må skulen sin kristne profil styrkast", sa han – "slik at borna våre kan ha noko å stille opp med mot muslimane." "Wesenlund maner til åndskamp mot islam", lydde overskrifta i Vårt Land. "Vi skal ikke bare vende det andre kinnet til, men våge å gå inn i en åndskamp

med islam, som slett ikke er noen tolerant religion", formana han. Det Wesenlund ville forsvare med formålsparagrafar, viste seg å vere noko som han kalla "vår norske, protestantiske tro" - ei tru som nordmenn flest har "en underlig beskjedenhet over".<sup>5</sup>

Etter Wesenlunds tale var det ein del kristne (mellom andre Eivind Frøen) som meinte at han burde bli æresbiskop for si klare haldning til den muslimske faren.<sup>6</sup> Dei faktiske biskopane, derimot, profilerte det same året langt meir opne haldningar overfor muslimane. Det *tredje* situasjonsbiletet frå 1990 handlar om den første vitjinga frå ein norsk biskop i ein norsk moské. Avlidne biskop Bjørn Bue, som i oktober gjesta den største pakistanske moskeen i Oslo, var med si fortid som misjonær vel vand med å omgåast muslimar. I følgje Aftenposten vart det eit hjartevarmt møte, og biskopen roste imam Chisti for hans gjestfrie haldning og hans utstrekte hand til dialog. Sjølv uttalte Bue at "Dialog er viktig fordi den kan skape sunn toleranse samtidig som man blir seg bevisst hva man selv står for og tror på". Dei to avslutta møtet med å skåle for fråhaldssaka - i pakistansk te. Trass i trusforskjellar var det ikkje vanskeleg for dei å finne fram til hjartespråket, og dei hadde heller ingen problem med å stå saman om ei motkulturell hjartesak som i Norge (til forskjell frå meir alkoholliberale kristne kulturar) er like kristen som ho er muslimsk.<sup>7</sup>

### **1990-talet: institusjonalisering av kontakten, endring av haldningar**

Til saman gir dei tre situasjonsbileta frå 1990 hint om dei ulike dimensjonar ved det kristen-muslimske møtet i Norge. For det første er både kristne og muslimar delt seg i mellom når det gjeld moralsyn og kulturbestemte levevis, noko som er i stadig endring på begge sider. For det andre har ein - frå 1990 og fram til i dag - sett mange eksempel på at kyrkjemedlemmar og særleg eitt politisk parti har brukt kristendommen som eit kulturelt skjold mot islam. Somme tider har skepsisen mot islam og muslimar fått såpass fiendslege uttrykk at kyrkjeleiarar har funne grunn til å åtvare mot nasjonalreligiøse overslag.

I september 1997 skjedde det på nytt noko historisk i den moskeen som biskop Bue gjesta. Kristenleiarar frå alle delar av norsk kyrkjeliv - frå Misjonssambandet til Norges Kristelige

Studentforbund, frå pinsevevningar til katolikkar – samla seg i ein felles kritikk av Fremskrittspartiets valkampomtale av muslimane som ein fare for det norske samfunnet. Saman gjekk kristenleiarane til moskeen for å uttrykke sin solidaritet med muslimane. I det hyrdebrevet som vart sendt ut og også gitt til muslimane, gav ein sjølvkritisk uttrykk for at kristne miljø har eit stort arbeid å gjere for å rydde opp i hundreårsgamle fordommar mot muslimar.<sup>8</sup> Alt i mai 1996 hadde Mellomkyrkjeleg Råd funne grunn til å åtvare mot at "norske politikere i høyt betrodde verv gjennom sin offentlege virksomhet bidrar til å skape splittelse mellom norske borgere på grunnlag av deres religion".<sup>9</sup>

Vinteren 1997 sende elles Kontaktgruppa for Mellomkyrkjeleg Råd og Islamsk Råd ut ei felles oppmoding til moskear og kyrkjelydar om å ta initiativ til "en større grad av lokal kontakt mellom kristne og muslimske menigheter ... Ved å vise at vi har kontakt med hverandre, kan vi demme opp for krefter som bidrar til at det skapes fiendebilder mellom kristne og muslimer".<sup>10</sup> Kontaktgruppa vart skipa på bakgrunn av eit brev som Mellomkyrkjeleg Råd sende til muslimske organisasjonar i desember 1992. Det var i denne prosessen at Islamsk Råd vart etablert som eit fellesorgan for muslimane i Norge.<sup>11</sup> I Vårt Lands referat frå det første kontaktmøtet i desember 1992, kunne ein lese at "Muslimer og kristne ønsker å gjøre felles front i kampen mot rasisme, partnerskapsloven og alkoholisme".<sup>12</sup> Trass i utsiktene til kristen-muslimske alliansar omkring konservative hjertesaker, frykta dåverande generalsekretær i Den norske Muhammedanermisjon Karl Johan Hallaråker at møtet var "et ledd i en form for internasjonal religionsblanding".<sup>13</sup> Det næraste ein har kome religionsblanding i Kontaktgruppa er nok at det på eit møte hos Islamic Cultural Centre i 1995, der vanskelege saker som det annonserte KRL-faget og dødsdommar mot kristne i Pakistan stod på dagsordenen, vart resitert frå Koranen og bedt ei bøn i Jesu namn før møtet byrja.<sup>14</sup>

Det er elles heilt andre saker enn partnerskapslov og alkoholpolitikk som har stått i fokus for Kontaktgruppa sitt arbeid.<sup>15</sup> Forholdet mellom minoriteten og majoriteten har vore eit dominerande fokus. Det må nok også seiast at Kontaktgruppa si samansetting ikkje inviterte til konservative alliansar av det slaget som nokre kanskje ønskte seg.

Det mest omfattande prosjektet som Kontaktgruppa har tatt initiativ til, handla om kvinners erfaringar og blick og er dokumentert i Anne Hege Grung og Lena Larsen si bok *Dialog med og uten slør*. Kvinnene bak prosjektet kom med følgjande utfordring til sine respektive trussamfunn:

Kvinner - og i Norge gjelder nok dette flere muslimske enn kristne kvinner - blir dessverre oftere enn menn henvist til å erfare mye av virkeligheten annenhånds, gjennom erfaringer gjort av sine menn og av sine barn. Når kvinner møtes i dialog blir vi utfordret til å være deltakere, til å gjøre våre egne erfaringer og til å bekrefte hverandre som aktive subjekter.<sup>16</sup>

Det som elles viste seg å bli ein gjengangar på Kontaktgruppa sin agenda, var spørsmålet om religionsundervisninga si framtid. I juni 1994 sende Kontaktgruppa eit brev til kyrkje- og undervisningsminister Gudmund Hernes med overskrifta "Et større rom for etikk og religion i skolen". Her tok ein til orde for ein kombinert modell der religions- og livssynsundervisning i skilde grupper (med islamkunnskap som eit tredje alternativ til kristendom og livssyn) kunne veksle med "en ny type fellessundervisning i etikk, religion og livssyn".<sup>17</sup> I 1994 var kombinasjonsmodellen ei mykje diskutert løysing som både KrF og Institutt for Kristen Oppseding viste interesse for. Men då KRL-faget vart lansert i 1995, viste det seg snart at både KrF og sentrale kyrkjelege aktørar allierte seg med Arbeidarpartiet og gjekk inn for å erstatte ordninga med alternative tilbod med eit fullt utbygd fellesfag. Striden om KRL-faget som toppa seg i dei retts sakene som Islamsk Råd og Human-Etisk Forbund reiste mot staten, er vel kjend og skal ikkje repeterast her.

Kontaktgruppa sin funksjon i denne vanskelege saka har vore å tilby ein open kommunikasjonskanal mellom kristne og muslimar. Det må nok likevel seiast at kyrkjelege organ sin entusiasme for "det utvida kristendomsfaget" var såpass stor at Kontaktgruppa berre delvis lukkast i å få fram forskjellen på kyrkjeleiarane og politikarane sitt syn. Eit velmeint forsøk frå Kontaktgruppa i oktober på å formulere eit felles synspunkt stranda og resulterte i at eit brev som skulle sendast til Hernes om "Minoritetenes plass i det vidare arbeid med det nye kristendomsfaget", i siste liten måtte trekkjast tilbake.<sup>18</sup>

Kontaktgruppa har ikkje berre tatt opp spørsmål som gjeld den muslimske minoriteten sin situasjon i Norge, men også situasjonen til dei kristne i Pakistan og Sudan. Kanskje har Kontaktgruppa vore med på å skape eit felles medvit om minoritetane sin sårbare situasjon, i Norge så vel som i den muslimske verda (utan at dei nemnde eksempla elles kan samanliknast).

Trass i ulike syn på KRL-faget, er det liten tvil om at nærkontakten med minoritetane har gitt Den norske kyrkja eit større medvit om nasjonalreligiøsiteten sine farar og minoritetane sin prinsipielle rett til å seie nei til velmeinte integrasjonsprosjekt. I 1995 fann muslimar, jødar, humanetikarar, buddhistar og nyreligiøse saman i "Aksjon livssynsfrihet i skolen". Men allereie året etter viste det seg at den tillitsbyggande kontakten med kyrkjene hadde bore frukter. På tvers av usemja om KRL-faget, inviterte minoritetane både Den norske kyrkja og Norges Frikirkeråd til å vere med på å etablere eit felles "Samarbeidsråd for tros- og livssynssamfunn." Gjennom Samarbeidsrådet og multilaterale dialogprosjekt som på 1990-talet vart gjennomført av Nansenskolen (og seinare av Verdikommisjonen),<sup>19</sup> har norske kristne og muslimar kunna øve seg i konstruktiv samtale ikkje berre med kvarandre men også med for eksempel jødar og humanetikarar.

Det multilaterale Samarbeidsrådet har frå den spede starten i 1996 utvikla seg til eit forpliktande, religionspolitisk forum. I kjølvatnet av Samarbeidsrådet har det også vakse fram eit felles internasjonalt engasjement for trus- og livssynsfridom, i ramma av Oslokoalisjonen for tros- og livssynsfrihet som vart skipa i 1998. Oslokoalisjonen engasjerer i dag kristne, muslimar, jødar, humanetikarar og buddhistar nasjonalt og internasjonalt til prosjektretta arbeid for trusfridom og religionsdialog. Koalisjonen har muslimen Lena Larsen som koordinator og har i 2003 både generalsekretæren i Human-Etisk Forbund, leiaren for Buddhistforbundet og generalsekretærane i Mellomkyrkjeleg Råd og Norges Frikirkeråd som styremedlemmer. I Oslokoalisjonen er det ikkje eigeninteressene som styrer arbeidet, men ei felles forplikting på globale, menneskerettslege standardar.<sup>20</sup> Innstillinga frå det kyrkjelege stat-kyrkjeutvalet, *Samme kirke - ny ordning* (2002), viser kor stor vekt menneskerettsbaserte jamstillingsprinsipp no har fått i leiande krinsar i Den norske kyrkja.

Den første leiaren for Samarbeidsrådet, frikyrkjegenralen og pinsevennen Dag Nygård, vart i 2002 vald som leiar for Oslokoalisjonen. Det er verd å merke seg at det også innanfor frikyrkjene, pinserørsla inklusive, har skjedd avgjerande endringar i haldninga til islam gjennom 1990-talet. Då World Islamic Mission kunngjorde sine planar om å byggje sin monumentale moské i Oslo, gjekk Jan Aage Torp i bladet SeiersTro ut med ei oppmoding om "gjennom målbevisst, trossterk og tålmodig bøn" å stoppe moskebygget som han meinte ville "åpne opp for en bølge av anti-kristelighet, anti-semittisme og ugudelighet i Norge".<sup>21</sup> Forlaget Hermon gav i 1997 ut boka *Filisterne* der arabarane blir framstilt som naturlege løgnarar og islam som ein grusom religion. Men det same året signaliserte forlaget Prokla Media at også heilt andre haldningar var i framvekst i dei same miljøa, i boka *Elsk disse araberne* som åtvare mot korsfararhaldningar og mana kristne til å møte islam og muslimar med respekt.<sup>22</sup>

Den fremste eksponenten for endra haldningar i pinse- og trusrørsla er Aril Edvardsen, som frå slutten av 1990-talet har engasjert seg i kristen-muslimsk dialog, parallelt med si evangelistgjerning i muslimske land. Som oppfølging av ein stor kristen-muslimsk dialogkonferanse i Pakistan i april 1999, der han samarbeidde med framstående muslimske leiarar, arrangerte Edvardsen ein tilsvarande konferanse i Oslo som kulminerte med eit minnerikt møte mellom pinseleiarar, statskyrkjeprestar og imamar i bydelsmoskeen på Holmlia.<sup>23</sup> Aril Edvardsen, som var mellom underskrivarane av hyrdebrevet mot muslimfrykt frå 1997, har i tale og skrift åtvare mot å tale nedsettande om muslimane si gudstru og også gått langt i retning av å seie at kristne og muslimar trur på den same Gud – ei tru som han ønskjer å knyte positivt til når han forkynner fullendinga i Kristus.<sup>24</sup>

### **Frå 2000: konfrontasjon, differensiering, samkjensle**

Gjennom 1990-talet har den kristen-muslimske kontakten blitt institusjonalisert, i bilaterale og multilaterale fora. Sjølv om fokus ofte har vore sett på religionspolitiske saker, har dialogpartnarane også kommunisert på det personlege og åndelege planet. Det kyrkjelege dialogsentret Emmaus (som vart skipa i 1991 og blir drive av Areopagos) har med sitt doble fokus på "dialog og spiritualitet" styrkt den personlege dimensjonen ved dialogen.



Samla sett har det gjennom 1990-talet blitt knytt nokså sterke vennskaps- og tillitsband mellom sentrale aktører på kyrkjeleg og muslimsk side. Det kritiske spørsmålet er kor stor breiddeverknad dette har hatt. På begge sider ser ein stadig teikn på at fordommar om den andre er i full vigør hos mange, og forskjellen på leiarane og fotfolket sine haldningar er ofte slåande.

Dess tydelegare blir det også at det ikkje lenger er råd å tale allment om forholdet mellom islam og kristendom i Norge. Inngrodde fordommar brytast med endra haldningar, og skeptisk avstand med tett samhandling.

Når det gjeld allmennkulturen, er dei høglydte konfrontasjonane jamt over meir iaugefallande enn den lyttande dialogen. Dei mest eksplosive sakene har vist seg å ha med kvinnesak å gjere, i diskusjonar om tvangsekteskap, kvinneleg omskjering og det stadig tilbakevendande tema skautet. I oktober 2000 spela somaliske Kadra den sentrale rolla då TV2 med skjult kamera "avslørte" fire muslimske leiarar med afrikansk bakgrunn sitt syn på kvinneleg omskjering. Seinare analysar har peika på at to av desse leiarane, som begge var aktive i 90-talets dialogarbeid, nok fekk hardare medfart enn dei fortente (sjølv om dei kunne ha markert sin motstand mot kjønnslemlesting klarare enn dei gjorde).<sup>25</sup> Som eit resultat av denne saka, trekte norsk-gambiske Kebba Secka seg som leiar for Islamsk Råd og også som medlem av Verdikommisjonen. Utfordringa i denne vanskelege situasjonen, for medlemmene av Kontaktgruppa og andre dialogfora, var å balansere omsorga for nære dialogpartnarar med solidariteten til utsette jenter som er avhengige av at muslimske leiarar er klare og utvetydige i saker der kvinners integritet står på spel.

Eit anna resultat av omskjeringssaka var at Lena Larsen i november 2000 vart vald som ny leiar for Islamsk Råd, kanskje som ei kvinnepolitisk markering frå rådet si side. Men media sine positive reaksjonar på at Islamsk Råd valde ei kvinne som leiar viste seg å vere kortvarige. Etter æresdrapet på Fadime i Sverige i januar 2002, vart sympatien til mediene meir og meir flytt over på kvinnelege muslimske dissidentar som Shabana Rehman. Alt i 2001 markerte Shabana Rehman seg som ei religionskritisk røyst i det muslimske miljøet, med kraftsatsar som "De religiøses praksis kvæler menneskets frihet. Til helvete med dem!"<sup>26</sup>

Det er interessant å merke seg at parallelt med at stadig fleire religionskritiske innvandrarak med muslimsk bakgrunn (forfattaren Walid al-Kubaisi er eit anna eksempel) har gjort sine røyster gjeldande i den offentlege debatten, har også talsmenn for Human-Etisk Forbund skjerpa tonen overfor islam. I debatten etter Fadime-drapet gjekk generalsekretær Lars Gule langt i retning av å gi islam skulda for kvinneundertrykkande praksisar som har trivest i tradisjonelle, muslimske kulturar.<sup>27</sup> Levi Fragell følgde opp i mai 2003, i eit stort intervju som Dagbladet gav overskrifta "Islam er livsfarlig".<sup>28</sup> I det aktuelle intervjuet gir Fragell uttrykk for nyanserte haldningar overfor kristendommen, men uttrykker seg bastant og sterkt kritisk om islam.

Dei sakene Fragell set fingeren på – kulturhat mot Vesten, forfølging av avvikarak, religiøst motivert terror – er spørsmål som ingen kristen-muslimsk dialog kan oversjå. Muslimane på si side kan også ha sterke innvendingar mot mange sider ved vestleg, kristen kultur. Spørsmålet er korleis ein kan utfordre kvarandre til å ta stilling i kritiske saker i ein atmosfære der alle opplever at ein vil kvarandre vel, og utan å gi etter for freistinga til å generalisere om den andres religion. Erfaringane frå den organiserte trus- og livssynssamtalen frå 90-talet viser at dette er moegeleg, og dei nyanserte utspela frå humanetiske leiarar fortonar seg slik sett som eit tilbakeslag.

Samtidig må både kristne og muslimar erkjenne at religionane treng det kritiske blikket utanfrå, og passe på at ein som dialogpartnarar ikkje blir så omsynsfulle mot kvarandre at ein let vere å konfrontere fordomsfulle haldningar som kan ligge der under overflata på begge sider (til dels også mellom leiarane, noko som frå tid til anna har blitt avslørt i media).<sup>29</sup> Ein del vanskelege saker har ein nok også skugga unna i dialogen. For eksempel har jødar, kristne og muslimar i Norge enno ikkje greidd å ta opp Palestina-konflikten til samtale.

Dei traumatiske hendingane 11. september 2001 og den påfølgjande krigen mot terror har likevel vist at jødar, kristne, muslimar og humanetikarak kan stå saman i kritiske situasjonar, og dessutan at meiningsforskjellane om korleis ein best skal møte terroren går heilt på tvers av religionsgrensene. Berre nokre få dagar etter 11. september stod muslimske og kristne leiarar hand i hand saman med jødar og human-etikarak, i ei stor offentlig markering mot

religiøst motivert vald som Human-Etisk Forbund tok initiativ til.<sup>30</sup> Og den 25. september sende Kontaktgruppa for Mellomkyrkjeleg Råd og Islamsk Råd ut ei pressemelding der ein oppmodar kristne og muslimar til å "dele hverandres bekymring og håp, og motvirke fordommer".

Men då USA sette i verk sin krig mot terrorismen ved å bombe Afghanistan, vart biletet straks meir komplisert. I Norge som i mange andre vestlege land var det mange biskopar og andre kyrkjeleiarar som kritiserte bombinga.<sup>31</sup> Komiteen for Internasjonale Spørsmål i Den norske kyrkja karakteriserte tidleg krigshandlingane mot Afghanistan som "etisk betenkelige og strategisk ukloke".<sup>32</sup> Islamsk Råd gjekk ikkje uventa ut med liknande synspunkt. Seinare vart det til og med sendt eit felles brev frå generalsekretæren i Mellomkyrkjeleg Råd og den største pakistanske moskeen i Oslo der ein kritiserte landets kristne statsminister for å støtte altfor ukritisk opp om den amerikanske bombekampanjen (som Norge seinare vart ein aktiv deltakar i). Saman kravde kristne og muslimske leiarar stans i bombinga av humanitære grunnar og bad om at kampen mot terror ikkje måtte førast på ein måte som påførte uskuldige sivile nye lidingar.<sup>33</sup>

Det kristen-muslimske brevet er eit eksempel på ei form for tverr-religiøs aktivisme som etter sin natur er kontroversiell. Det var då heller ikkje alle kyrkjeleiarar som var av same meining som Mellomkyrkjeleg Råd og dei kritiske biskopane. Då Kyrkjemøtet behandla saka i november, måtte ein konstatere ulike syn på kva verkemiddel som er forsvarlege og tenlege i den globale kampen mot terror.<sup>34</sup>

I Afghanistan-saka stod kristne og muslimar saman - ikkje berre mot den norske regjeringa, men også mot andre trusfellar som hadde andre syn på den aktuelle saka (det må ikkje gløymast at mange muslimar i regionen støtta krigen mot Taliban). Då krigen mot Irak braut laus i 2003, var biletet like samansett internasjonalt sett, men meir harmonisk i Norge. Den norske regjeringa valde som kjent ikkje å slutte seg til alliansen av dei krigsvillige, og statsminister Bondevik tok på eit tidleg tidspunkt initiativet til eit møte med kristne, muslimske og andre religiøse leiarar der han understreka at Gud er hos dei lidande og tok avstand frå Saddam og Bush sine forsøk på å ta Gud til inntekt for seg sjølve.<sup>35</sup> Irak-krisa førte også til

at muslimar og kristne kom saman til felles bøn for fred i moskeen til World Islamic Mission. Her vart det både resitert Koran-vers og kyrkjebøner, og då pateren i St. Hallvard etter å ha bedt Frans av Assisi si fredsønn stemde i Fader Vår, slutta heile den kristne delen av forsamlinga seg spontant til - midt i moskeen.<sup>36</sup>

### **Normaliserte, men ikkje konfliktfrie relasjonar**

Om ein skulle vere optimistisk, kunne ein seie at tillitsbygginga mellom kristne og muslimar har ført til eit skjerpa medvit på begge sider om minoritetane sin utsette situasjon og det sårbare mennesket sitt behov for vern i alle konflikter. Men korleis slike verdiar skal konkretiserast politisk, er det usemje om på begge sider.

Kanskje er dette ei av dei sentrale erkjenningane som har vakse fram gjennom religionsdialogen, nemleg at dei avgjerande moralske og politiske forskjellane faktisk svært sjeldan følgjer religionsgrensene. Kva anten det gjeld tradisjonelle livsstilsspørsmål, kvinnesyn eller synet på krig og fred, er både kristne og muslimar ueinige seg i mellom. Dette gir grunnlag for kontroversielle alliansar på tvers av trusgrensene. Medan eit forum som Oslokoalisjonen har eit tydeleg liberalt forteikn (med fokus på trusfridom), ser ein internasjonalt også eksempel på konservative alliansar mellom amerikanske kristne og muslimske representantar i FN-debattar om abort, homofili og kampen mot aids.<sup>37</sup> Og då Dagbladet i februar 2002 "avslørte" at nokre av dei pakistanske imamanane hadde lite godt å seie om norske samlivsverdiar, var det ikkje vanskeleg å sjå at dei i desse sakene fører vidare ein konservativ, motkulturell tradisjon på kristen side.<sup>38</sup>

Det faktum at kristne, muslimar (og humanetikarar) no synest å fordele seg jamt på dei ulike politiske partia, er uttrykk for den same, heilt normale usemja på tvers av trusgrensene i viktige moralske og politiske spørsmål. Dei siste par åra har avisene jamleg kunna melde om stort tilsig av muslimske veljarar til KrF, i eit felles engasjement for "familieverdiar" og ein tilhøyrande skepsis mot homofilt partnarskap og liberal alkohollovgiving. Men også SV, Arbeidarpartiet og Høgre kan i dag framvise sentrale muslimske frontfigurar.

Religiøst sett kan det vere eit teikn på normaliserte relasjonar at Vårt Land i 2002 intervjuar Basim Ghozlan (leiaren for Det islamske

Forbundet) i det faste oppslaget om søndagens preiketekst og gav plass til Norges første muslimske stortingsrepresentant, Høgres Afshan Rafiq, i spalten "Min tro".<sup>39</sup>

Normalisering tyder ikkje konfliktfrie relasjonar, men at rommet for politiske og religiøse diskusjonar har blitt utvida. Ofte kan blandinga av samkjensle og usemje vere kreativt forvirrande, som då Norges Kristelige Studentforbund og Muslimsk Studentsamfunn gjekk saman om å arrangere ein konferanse om "Religiøs ungdom i et sekularisert samfunn". Her var det etter rapportane å dømme mogeleg å sette ord på både felles opplevingar og markert usemje.<sup>40</sup>

Normaliseringa inneber også at muslimar i stigande grad markerer seg som "norske", med gode relasjonar til kristne landsmenn. Då al-Qa'ida i mai 2003 gjorde det klart at norske interesser var å rekne for potensielle terrormål, vart fleire muslimske leiarar intervjuva i avisene. Ein av desse var imam Mahboob ur-Rahman som i 2002 vart fotografert av Dagbladet hand i hand med "muslim-magneten" Lars Rise i KrF.<sup>41</sup> I al-Qa'ida-saka uttalte han: "Det er ingen grunn til at muslimer vil angripe norske mål. Vi trives godt sammen med det norske folk. Utenfor Norge kan det imidlertid være mennesker som reagerer på at muslimer og kristne lever så godt sammen. Kanskje er det en av grunnene til at en slik melding kommer ...".<sup>42</sup>

Imamen er truleg representativ for den norske nasjonalkjensla som er i ferd med å utvikle seg hos muslimske leiarar, noko som kyrkjeleiarane si opne haldning har vore med på å legge til rette for. Framtida vil vise kva haldningar som vil bli tonegivande hos folk flest.

## Noter

- <sup>1</sup> Tidlegare oppsummeringar og analysar finst mellom anna i Oddbjørn Leirvik: *Religionsdialog på norsk* (Oslo, 2. utg. 2001) og i Jan Opsals artikkel "Islams møte med norsk kristendom", *Tidsskrift for Kirke, Religion og Samfunn* nr. 2: 1999, s. 169-180.
- <sup>2</sup> Sjå Oddbjørn Leirvik: *Møte med islam* (Oslo 1990), s. 9-15.
- <sup>3</sup> Til dialog og gjensidig forandring, sjå Anne Hege Grung: "Dialog og sjelesorg – to sider av samme sak?" *Tidsskrift for sjelesorg* nr. 4: 2002, s.236-239.
- <sup>4</sup> Sjå Lissi Rasmussen: *Diapraksis og dialog mellom kristne og muslimer* (Aarhus 1997).
- <sup>5</sup> *Vårt Land*, 4. 9. 1990.
- <sup>6</sup> *Vårt Land* 9. 9. 1990, jf Eivind Frøen i *Vårt Land* 9. 7. 1990: "Skal muslimene få bestemme?"
- <sup>7</sup> *Aftenposten* 29. 10. 1990.
- <sup>8</sup> "Om 'muslimfrykt' og vår holdning til innflyttere", *Norges Kristne Råd* 29. 8. 1997. Jf *Vårt Land* 3. 7. 1997: "Kristenledere mot norsk muslimfrykt".
- <sup>9</sup> "Fordommer og trakassering av muslimer i Norge", *Mellomkyrkjeleg Råd* 6. 5. 1996. Jf *Vårt Land* 7. 5. 1996: "Slåss mot framandfrykt og rasisme blant kristne".
- <sup>10</sup> Brev frå *Mellomkyrkjeleg Råd* og *Islamsk Råd*, februar 1997. Jf Leirvik: *Religionsdialog på norsk* (2001), s. 51f.
- <sup>11</sup> Jf Kari Vogt: *Islam på norsk. Moskeer og islamske organisasjoner i Norge* (Oslo 2000), s. 167.
- <sup>12</sup> *Vårt Land* 17. 12. 1992, s. 16: "Felles front mot rasisme og partnerskapsloven".
- <sup>13</sup> *Vårt Land* 17. 12. 1992, s. 16: "Frykter religionsblanding".
- <sup>14</sup> Sjå Leirvik: *Religionsdialog på norsk* (2001), s. 205f.
- <sup>15</sup> Kontaktgruppas arbeid har blitt analysert i ei hovudoppgåve i religionshistorie av Johanne Håvarstein: "Kristen-muslimsk religionsdialog i Norge. En studie av dialogarbeidet mellom Islamsk Råd Norge og Mellomkirkelig Råd" (Universitetet i Oslo, 2002).
- <sup>16</sup> *Dialog med og uten slør* (Oslo 2000), s. 133f.
- <sup>17</sup> Brev sendt til KUF via Institutt for Kristen Oppseding 27. 6. 1994. Jf *Vårt Land* 29. 6. 1994: "Foreslår eget islamslag".
- <sup>18</sup> *Kirkens Informasjonstjeneste*, 16. 10. 1995.
- <sup>19</sup> Sjå *Felleskapsetikk i et flerkulturelt Norge* (red. Inge Eidsvåg og Oddbjørn Leirvik, Oslo 1993); *Religion, livssyn og menneskerettigheter* (red. Inge Eidsvåg og Lena Larsen, Oslo 1997) og *Nasjonal dialog om tro og livssyn* (Verdikommisjonen, Oslo 2000).
- <sup>20</sup> Sjå <http://www.oslocoalition.org/>
- <sup>21</sup> *SeiersTro* nr. 4, 27. 5. 1993.
- <sup>22</sup> Jf Leirvik: *Religionsdialog på norsk* (2001), s. 214.
- <sup>23</sup> Sjå *Troens Bevis* juni 1999 ("Mirakler i Pakistan") og januar 2002 ("Fredskonferanse som gav gjenklang").
- <sup>24</sup> Sjå f.eks. Aril Edvardsen: "Jesús og Isa – Gud og Allah", *Vårt Land* 2. 6. 1997.
- <sup>25</sup> Sjå den retrospektive analysen til Inger Anne Olsen i *Aftenposten* 9. november 2002: "Var rikets tilstand sånn som vi trodde?".

- <sup>26</sup> Dagbladet 27. 7. 2001, s. 2 ("Det religiøse helvete"). Jf hennar essaysamling Nå (Oslo 2002).
- <sup>27</sup> Kronikk i Dagbladet 24. 2. 2002 ("Islam og æresdrap"), jf hans kronikk same stad 16. 10. 2001 ("Gud og terroristene").
- <sup>28</sup> Dagbladet 6. 5. 2003.
- <sup>29</sup> Til Dagbladet si "avsløring" av to pakistanske imamar sine haldningar til norsk/kristen kultur, sjå Nina Dessau: "Nå skal ingen motsi oss", Samtiden nr. 2: 2003 og Hege Storhaugs tilsvar "Når sant skal sies", Ny Tid nr. 22, 7. juni 2003.
- <sup>30</sup> Sjå for eksempel Dagsavisen 17. 9. 2001.
- <sup>31</sup> Klassekampen 29. 10. 2001.
- <sup>32</sup> kirken.no 18. 10. 2001.
- <sup>33</sup> Aftenposten 31. 10. 2001.
- <sup>34</sup> kirken.no 16. 11. 2001.
- <sup>35</sup> Vårt Land 24. 3. 2003: "Gud er hos de lidende".
- <sup>36</sup> Dagsavisen 24. 3. 2003: "Ber sammen for fred".
- <sup>37</sup> Vårt Land 20. 6. 2002: "Islamsk-kristen allianse påvirker FN".
- <sup>38</sup> Sjå Nina Dessaus analyse av denne saka i Samtiden nr. 2: 2003: "Nå skal ingen motsi oss". Jf Vårt Land 4. 2. 2002: "Gir samme kritikk".
- <sup>39</sup> Vårt Land 9. 8. og 18. 5. 2002
- <sup>40</sup> Sjå Johan Hake (red.): Religiøs ungdom i et sekularisert samfunn (NKS, Oslo 2002).
- <sup>41</sup> Dagbladet 18. 8. 2002.
- <sup>42</sup> Dagbladet 22. 5. 2003. Jf Verdens Gang 22. 5. 2003: "Vil angi muslimske terrorister".

*Oddbjørn Leirvik*, f. 1950, dr. theol., forskar og prosjektleiar for interreligiøse studiar ved Det teologiske fakultet. Leiar for Kontaktgruppa for Mellomkyrkjeleg Råd og Islamsk Råd, styremedlem av Oslokoalisjonen for tros- og livssynsfrihet. Utvalde publikasjonar: *Islamsk etikk - ei idéhistorie* (2002), *Knowing by Oneself, Knowing with the Other: Al-damir; Human Conscience and Christian-Muslim Relations* (2002), *Religionsdialog på norsk* (2. utg. 2001), *Images of Jesus Christ in Islam* (1999), *Møte med islam* (1990).

### **15 years of Christian-Muslim dialogue in Norway**

The article presents some major developments in Christian-Muslim relations in Norway, since the first attempts at organised contact in the late 1980s. In the 1990s, interreligious dialogue in Norway was institutionalised and entailed a growing trust among Christian and Muslim leaders. This development has been contrasted by more inimical attitudes at the grass root level, and in the media. In recent years, Christian-Muslim dialogue has also had to cope with the fact that both Christians and Muslims differ among themselves in most moral and political issues. Any joint action by Christians and Muslims will therefore be potentially controversial. The fact that moral and political disagreement cut right across religious divides, may in fact be taken as a sign of hope - disclaiming ideas of inherent conflict between Christianity and Islam.